
Fra: Einar Færø
Sendt: torsdag 19. januar 2017 15.26
Til: Thomas Terje Manger
Kopi: Tore Rikstad; Postmottak Radøy
Emne: SV: Dreneringa på gnr. 46, bruk nr. 14

Hei!

Har i dag vore på synfaring med entreprenøren sin representant på byggjeplassen. Vår konklusjon er at dreneringa slik den fungerer i dag er tilfredstillande.

Me har som tiltak spylt reint inn og uttaket for boreholet som går gjennom veggen. Det vil også, før grøfta vert fyllt att, sett ned inspeksjonskum på oppsida av veggen slik at ein i framtida kan ha kontroll på vasstanden.

Radøy kommune vil også presisere at ansvaret for at dreneringa gjennom veggen vil fungere ligg på oss som utførande for arbeidet.

Mvh
Einar Færø
Einingsleiar Drift
Mob.99098153

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Thomas Terje Manger [<mailto:Terje.Manger@uib.no>]
Sendt: 18. januar 2017 15:03
Til: Einar Færø
Emne: Dreneringa på gnr. 46, bruk nr. 14

Radøy kommune

Teknisk drift

Eg viser til tidlegare kontakt. Under arbeidet som pågår med vassleidningen er vassføringa i grøfta ned mot opninga under veggen svært høg (og det vil andre dagar regna meir enn i dag). Dermed vil det vera stor risiko for at dei få centimeter rundt vassleidningen under veggen tettast til og vatnet stig (eg har fått opplyst at opninga under veggen i snitt er 220 mm og vassleidningen er 160 mm). Rett nok vil vatnet når det stig ta veggen gjennom dreneringsrøyr/grøft i hagen vår, men samstundes etterlata store deler av jordbruksmarka blaut (dreneringsrøyrret inn i hagen ligg som kjent mykje høgare enn opninga under veggen).

Kva vil kommunen gjera for å hindra skade på jordbruksareal (og til dels hage)? Eg håpar på snarlege tiltak, før grøfta blir lagt igjen!

Takk for svar!

Beste helsing

Terje Manger